

200801596-31  
KilEBTH  
312

Buset / Vartdal Beitelag

v/Harald Buset

6170 VARTDAL

Norges Vassdrags- og Energidirektorat

Vartdal 07.09.2010

Pb 5091

0301 OSLO

Dykkar ref: 200801596 –ebth

**Fråsegn til søknad frå Vartdal Vassverk LL om å etablere heimste Svartevatnet som permanent naudvasskjelde, samt oreigning i tilknytning til dette.**

Som medlem av Buset/Vartdal Beitelag, vil eg kome med følgjande fråsegn i denne saka:

For det første vil eg poengtere at eg **ikkje** er grunneigar i området, og derfor ikkje vil uttale meg om grunneigarinteressene, berre om beiteinteressene.

Uttalen frå beitelaget, datert 30.08.2010 og underskrive av leiar i laget Bjørn Vartdal, inneheld opplysningar og påstandar som eg ikkje kan stå inne for, og som eg derfor vil ha trekt attende som uttale frå mi side.

Det som då kun står att som relevant for meg som medlem i beitelaget, og brukar av dette området til sommarbeite på sau, er følgjande:

**"Området rundt Svartevatna er noko av dei viktigaste beiteområda for sau i området.**


Særleg på ettersommaren og hausten er dette det beste beiteområdet vi har, og storparten av sauene beitar der då. Her ligg snøen lenge, graset kjem seinare og gir godt og næringsrikt gras mot slutten av beitesesongen. Området har derfor mykje større betydning som fjellbeite enn det arealet isolert sett skulle tilseie.

Området bak Svartevatna er bratt og går til dels steilt ned i vatnet. Ei nedtapping av nedste Svartevatnet kan derfor føre til erosjon i strandsona. Ved full vasshøgde i vatnet vil dette truleg ikkje føre til problem. Ved ei nedtapping kan dette medføre at sau som går i vasskanten, enten for å drikke eller under beiting, misser fotfestet og hamnar i vatnet. På grunn av den bratte standsona kan desse få problem med å kom seg opp av vatnet.

Eg ser det derfor som viktig at vatnet ikkje blir nedtappa under beitesesongen, d.v.s. i tidsrommet ca. 1. juli – 15. oktober."

Med helsing

Harald Buset

  
medlem av Buset/Vartdal Beitelag

Ørsta kommune, Rådhuset, 6150 ØRSTA

Fylkesmannen i Møre og Romsdal